

MØTEREFERAT

Tema:	Ny landkommune
Dato/Stad	Nilsgardstunet, 9. februar 2016, kl 08:00 til 12:00
Møteleiar:	Erlend Krumsvik, rådgjevar Sunnmøre Regionråd
Referent:	Erlend Krumsvik, rådgjevar Sunnmøre Regionråd
Oppmøte:	Siv Katrin Ulla, Formannskapsmedlem, Haram kommune Vebjørn Krogsæter, Ordførar, Haram kommune Turid Hanken, Rådmann, Haram kommune Arne Sandnes, Ordførar, Norddal kommune Per Magnus Berdal, Varaordførar, Norddal kommune Viktor Valdal, Formannskapsmedlem, Norddal kommune Tor Helge Stavdal, Rådmann, Norddal kommune Dag Olav Tennfjord, Ordførar/leiar, Skodje kommune Bente Glomset Vikhagen, Rådmann, Skodje kommune Kari Grindvik, Formannskapsmedlem, Skodje kommune Terje Vadset, Formannskapsmedlem, Skodje kommune Eva Hove, Ordførar/nestleiar, Stordal kommune Kjersti Ruset Hjelle, Varaordførar, Stordal kommune Bjørn Ove Olsen, Formannskapsmedlem, Stordal kommune Anne Berit Løset, Rådmann, Stordal kommune Erlend Krumsvik, Rådgjevar, Sunnmøre Regionråd Aud Marie Bergdal, Formannskapsmedlem, Vestnes kommune Geir Inge Lien, Ordførar, Vestnes kommune Tone Roaldsnes, Rådmann, Vestnes kommune Karen Simonnes Aanes, Ordførar, Ørskog kommune Synnøve Vasstrand Synnes, Rådmann, Ørskog kommune Geir Peter Aure, Varaordførar, Ørskog kommune
Forfall	Randi Bergundhaugen, Varaordførar, Vestnes kommune Regine Bruteig, Kommunereformkontaktperson, Skodje kommune Svein Harsjøen, Varaordførar, Haram kommune
Observatør	

Dagsorden

1. Motivasjon til partane
2. Visjon og målsetting
3. Lokaldemokratimodell/politisk styring
4. Plassering av administrasjonsstad
 1. Fordeling av offentlege arbeidsplassar
 2. Tjenestetilbud (sentralisering/desentralisering)
 - o Sikring av basistjenestene
5. Kommunenavn og kommunevåpen

1. Økonomi

Omforeinte løysingar

Kvar ordførar orienterte om kommunens motivasjon for å vere med i forhandlingane på kommunereformprosjektet «Ny landkommune».

Visjon

Moment som fram under forhandlingane

- Teneste og næringsutvikling der folk bur
- Utvikle potensiale for busetting og næringsutvikling
- I livskraftig kommune mellom byane
- Utvikling gjennom samarbeid
- Inn i framtida i lag
- Ut i verda, inn i framtida
- Tenk global, lev lokalt.

Omforeint løysing:

Tenk globalt, lev lokalt.

Målsetting

Moment som fram under forhandlingane

- Attraktivt område for tilflytting
- Gode tenester og god samfunnsutvikling
- Livskraftig kommune mellom byane
- Sikre og vidareutvikle kvalitetane i tenestene
- Sikre politisk deltaking
- Styrke næringsutvikling i alle delar av kommunen
- Stimuler til busetting i alle delar av kommunen
- Gode bustadmiljø
- Utviklande og attraktiv arbeidsplass for alle kommunale tilsette
- Infrastruktur – knyta saman heile kommunen
- Grønn framtid/bærekraftig utvikling
- Styrke fagmiljøa/gode fagmiljø (robuste)
- Legge forholda til rette for privat næringsliv
- Legge til rette for god utvikling og inkludering for frivillig sektor
- Godt nyskapande kulturtilbud

Skrivegruppa tek punkta opp til vurdering og formulering.

- **Lokaldemokratimodell/politisk styring**

Omforeint løysing:

Den nye kommunen skal ha formannskapsmodell

Det skal vere politiske hovedutval, ikkje kommunedelsutval

Skisse to hovedutval kan vere

- a. Plan og utvikling (næring/teknisk og samfunnsutvikling ligg her)
- b. Helse og omsorg
- c. Oppvekst (barnehage, skule, SFO, spesialisttenester)
- d. Kultur og stadsutvikling (Utvida begrep inkl. idrett og frivilligheit og utvikling av lokalsamfunn, jfr 5D avtalen s. 5)

Det må utviklast eit delegasjonsreglement som styrer fullmakter til dei ulike politiske organa.

- **Antall medlemmar i det nye kommunestyret**

Omforeint løysing

Med utgangspunkt i deltakarane i kommunereformprosjektet «ny landkommune» er idealet 45 representantar i kommunestyret, med eit prinsipp om 550 innbyggjarar bak kvar representant.

Skrivegruppa tek dette med vidare.

- **Plassering av administrasjonsstad**

Forslag om administrasjonsstad i Ørskog kommune (Sjøholt), Digernes, Skodje
Befolkningsvekta reiseavstand (lett tilgjengeleg for flest mulig)

Bestilling til forhandlingsutvala: Dette blir fyrst sak på møte torsdag 11. februar. Forhandlingsutvala diskuterer dette tema til dette møtet.

- **Fordeling av offentlege arbeidsplassar**

Vestnes uttrykker ønske om Samfunnsutvikling, arealplanlegging, byggesak og geodata.

Skodje kommune har ønske om oppvekstavdeling, samt plan og utviklingsavdeling.

Haram ønske om fokus på næringsutvikling

Bestilling til forhandlingsutvala: Vi tek opp til diskusjon om vi skal legge fordelingsprinsipp til grunn for fordelinga av kommunale stillingar, eller fordeling av fagmiljø.

- **Sikring av basistjenestene**

Omforeint løysing

Basistenestene, som er knytt til institusjonar som barnehage, skule og pleie- og omsorgsinstitusjonar skal tilfredsstillе lova sitt minimumskrav, og tilpassast dei økonomiske rammene i den nye kommunen. Dette er nærteneater som bør ligge der folk bur.

Ad hoc grupper

Ikkje oppretta i dette møtet.

Møtet slutt 12:00